

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2016

Handsaming i møte

På bakgrunn av at det i neste møte skal gjennomførast prosess i høve analyse og plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, og at det er mange saker som skal handsamast, vart kontrollutvalet samde om å halde eit to-dagars møte. Møte den 4.4.16 skal starte kl. 10.00 og målsettinga er at den dagen skal innehalde m.a.:

- Fylkesordførar og fylkesrådmann orienterer om etikk
- Fylkesrådmannen orienterer om status på rutinar for tilrettelegging av attestasjonar
- Prosessmøte i høve analysearbeid
- Revisjonsrapport i høve Hardanger AKS AS
- Revisjonsrapport i høve arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i
- Revisjonsrapport i høve regionale utviklingsmidlar

Resten av dei aktuelle sakene vert å handsama 5.4.16 frå kl. 9.00.

Åse Gunn Husebø (Ap) har meldt forfall til dag 2 og vara må kallast inn.

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte kort om den planlagte studieturen til Brussel.

Vedtak